



Fedje kommune, Stormarkvegen 49,  
5947 FEDJE

Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724,  
5981 MASFJORDNES

Modalen kommune, Postboks 44,  
5732 MODALEN

Dato: 02.05.2016  
Vår ref.: 2014/19439-93  
Saksbehandlar: arnasan  
Dykkar ref.: «REF»

## Tannhelsetilbudet i Fedje kommune, Masfjorden kommune og Modalen kommune

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 6/2016 om klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030. I vedtaket står det i pkt 2 b: «Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk blir lagt ned i 2016.....».

I vedtaket er det og eit pkt 6 som lyder: «Der klinikkar vert lagt ned skal ein undersøkje om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetenester som eit alternativt tilbud til innbyggjarane i området».

Tannhelsetenesta sitt tilbud på Masfjorden tannklinikk blei avslutta i april 2016, tannhelsetenesta sitt tilbud på Fedje tannklinikk vil bli avslutta i løpet av mai 2016 og tilbudet på Modalen tannklinikk vil bli avslutta i løpet av juni 2016. Etter det vil tannhelsetilbudet i dei tre kommunane bli gitt på Knarvik tannklinikk eller ev på Lindås tannklinikk for dei som ønskjer det.

Fylkesrådmannen er kjent med at det vert i alle desse tre kommunane arbeidd med å finna ei lokal løysing med bruk av privatpraktiserande tannlege. Samarbeid med private tannlegar er regulert i lov om tannhelsetjeneste § 4-2:

*«§ 4-2.(Inngåelse av avtale med privat tannlege)*

*Hvis en fylkeskommune ønsker å inngå avtale med privatpraktiserende tannlege om behandling av prioriterte grupper som nevnt i § 1-3 bokstavene a-e, skal den kunngjøre at interesserte kan melde seg. Avtale skal inngås med den som er faglig best skikket.»*

Dette inneber at det er fylkeskommunen som må inngå avtale med den private tannlegen, og at det ev i forkant må kunngjerast slik at alle private tannleger i området «kan melde seg». Ein ev avtale skal inngås med den tannlegen som fylkestannlegen vurderer som «faglig best skikket».

Fylkesrådmannen ber Fedje kommune, Masfjorden kommune og Modalen kommune seinast tysdag 31. mai gi tilbakemelding om status på det kommunale initiativet med å skaffa eit privat tannhelsetilbud i dei tre kommunane.

Om kommunane ønskjer å kjøpe det tannlegeutstyret som står på tannklinikkane må det også gis melding om det.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Arne Åsan  
fylkestannlege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Overtannlege Stein Moe